Seljord kommune

Møteprotokoll

Utval: **Formannskap/økonomiutval**
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Møtedato: 06.10.2016
Møtetid: 10:00 – 14:15

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Hanne Nordgaard	Medlem	AP
Halfdan Haugan	Ordførar	AP
Jon Svartdal	Varaordførar	H
Gunnar Eilefstjønn	Medlem	H
Henry Mæland	Medlem	SP
Beate Marie Dahl Eide	Medlem	SP
Margit Elise Karlsen	Medlem	V

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Kari Gro Espeland	Rådmann
Halgeir Breke	Økonomisjef
Rolf Henning Jensen	Kommunalsjef
Frid Berge	Kommunalsjef

Protokollunderskrifter:

Halfdan Haugan Henry Mæland

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 87/16	Økonomireglement for Seljord kommune	
PS 88/16	Reglement for Seljord kommunes finansforvaltning (finansreglement)	
PS 89/16	Finansforvaltninga - Rapportering, kontroll og risikovurderingar	
PS 90/16	Godtgjering for folkevalde i Seljord kommune - presisering	
PS 91/16	Forslag til planprogram; Samfunnsdelen av kommuneplan Seljord kommune 2017 -2029	
PS 92/16	Rapportering arbeidsprogram 3. kvartal 2016	
PS 93/16	Samarbeidsavtale mellom Seljord kommune og Telemark fylkeskommune	
PS 94/16	Plan for førebygging av hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme	
PS 95/16	Etterbruk av Heddeli bu- og servicesenter- tilleggsløyving til arkitektbistand.	
PS 96/16	Plannemdas forslag til løysing for nye Bibliotekslokale	
PS 97/16	Revidering av delegasjonsreglement for Seljord kommune	
PS 98/16	Sal av Krokan grendehus gnr.55/ bnr.3	
PS 99/16	TV-aksjonen NRK Røde Kors 2019	
	Referatsaker	
RS 92/16	Vest-Telemark Museum søknad om tilskot til innkjøp av vogge	

Saker til handsaming

PS 87/16 Økonomireglement for Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Formannskap/økonomiutval rår kommunestyret til å vedta "Økonomireglement for Seljord kommune" slik det er lagt fram.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskap/økonomiutval rår kommunestyret til å vedta "Økonomireglement for Seljord kommune" slik det er lagt fram.

PS 88/16 Reglement for Seljord kommunes finansforvaltning (finansreglement)

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet/økonomiutvalet rår kommunestyret å vedta finansreglementet slik det er lagt fram (frå punkt 1 Heimel til 13b Kvalitetssikring).

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet/økonomiutvalet rår kommunestyret å vedta finansreglementet slik det er lagt fram (frå punkt 1 Heimel til 13b Kvalitetssikring).

PS 89/16 Finansforvaltninga - Rapportering, kontroll og risikovurderingar

Rådmannen si tilråding:

Formannskap/økonomiutval rår kommunestyret å ta finansrapporteringa til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Samrøystes vedteke med 6 røyster (Beate Marie Dahl Eide hadde permisjon under denne saka).

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskap/økonomiutval rår kommunestyret å ta finansrapporteringa til vitande.

PS 90/16 Godtgjering for folkevalde i Seljord kommune - presisering

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Godtgjering for folkevalde vert gjeve etter fylgjande retningsliner:

Ulegitimerte krav

Ulegitimerte krav kan dekkast etter søknad når det er praktisk vanskeleg å skaffe dokumentasjon. Ulegitimert krav vert godtgjort med ei timelønn på inntil kr 264, avgrensa til maksimalt 7,5 timar per dag. Reisetid til og frå møtet reknas med i møtetida.

Legitimerte krav

Sjølvstendig næringsdrivande og tilsette som blir tekt i lønn av sin arbeidsgjevar må leggje fram dokumentsjon på ein tilfredsstillande måte (dokumentasjon frå rekneskapsførar eller revisor når det gjeld eiga verksemd og frå arbeidsgjevar når det gjeld trekk i lønn). Reisetid til og frå møtet reknas med i møtetida.

Legitimerte lønnskrav blir dekt med inntil kr 540,- pr. time avgrensa til maksimalt 7,5 time per dag.

Arbeidsgjevar for folkevalde som ikkje vert trekt i lønn, kan sende refusjonskrav på lønnskostnadene til kommunen.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet vart samde om at saka vert utsett til neste møte i formannskapet.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Saka vert utsett til neste møte i formannskapet.

PS 91/16 Forslag til planprogram; Samfunnsdelen av kommuneplan Seljord kommune 2017 -2029

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret å fatte fylgjande vedtak; Endeleg utkast, som er revidert etter innspel frå administrasjon 4.6 og formannskap 6.10, vert gjort offentleg kjent slik det ligg føre.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Samrøystes vedteke med 6 røyster (Beate Marie Dahl Eide hadde permisjon under denne saka).

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet rår kommunestyret å fatte fylgjande vedtak; Endeleg utkast, som er revidert etter innspel frå administrasjon 4.6 og formannskap 6.10, vert gjort offentleg kjent slik det ligg føre.

PS 92/16 Rapportering arbeidsprogram 3. kvartal 2016

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å ta 3. kvartals rapportering på arbeidsprogram til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Samrøystes vedteke med 6 røyster (Beate Marie Dahl Eide hadde permisjon under denne saka).

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet rår kommunestyret til å ta 3. kvartals rapportering på arbeidsprogram til vitande.

PS 93/16 Samarbeidsavtale mellom Seljord kommune og Telemark fylkeskommune

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyre til å vedta samarbeidsavtala mellom Seljord kommune og Telemark fylkeskommune slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Samrøystes vedteke med 6 røyster (Beate Marie Dahl Eide hadde permisjon under denne saka).

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet rår kommunestyre til å vedta samarbeidsavtala mellom Seljord kommune og Telemark fylkeskommune slik den ligg føre.

PS 94/16 Plan for førebygging av hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta plan for førebygging av hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta plan for førebygging av hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme slik den ligg føre.

PS 95/16 Etterbruk av Heddeli bu- og servicesenter- tilleggsløyving til arkitektbistand.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet vedtar ei tilleggsløyving på inntil kr. 100 000 til kjøp av arkitektbistand i samband med vurdering av etterbruk av Heddeli bu og servicesenter. Beløpet vert dekka av formannskapets eigen budsjettpost for tilleggsløyvingar.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet vart einige om å endre ordlyden i rådmannen sitt framlegg frå *arkitektbistand* til *arkitekt/ konsulent*

Rådmannen si tilråding med endring av ordlyden jamfør framlegget frå formannskapet:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet vedtar ei tilleggsløyving på inntil kr. 100 000 til kjøp av arkitekt/ konsulent i samband med vurdering av etterbruk av Heddeli bu og servicesenter. Beløpet vert dekka av formannskapets eigen budsjettpost for tilleggsløyvingar.

PS 96/16 Plannemdas forslag til løysing for nye Bibliotekslokale

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å starte opp prosessen med å skaffe nye lokaliteter til Seljord Bibliotek. Det lysas ut tilbodskonkurranse om langtids- leigekontrakt for nye bibliotekslokale i tråd med nemndas tilråding. Kommunestyret vil taka stilling til eventuell nye kostnadsramme for drift av Seljord Bibliotek etter konkuransen er avslutta i samband med budsjetthandsaminga 15.12.16.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet rår kommunestyret til å starte opp prosessen med å skaffe nye lokaliteter til Seljord Bibliotek. Det lysas ut tilbodskonkurranse om langtids- leigekontrakt for nye bibliotekslokale i tråd med nemndas tilråding. Kommunestyret vil taka stilling til eventuell nye kostnadsramme for drift av Seljord Bibliotek etter konkuransen er avslutta i samband med budsjetthandsaminga 15.12.16.

PS 97/16 Revidering av delegasjonsreglement for Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta delegasjonsreglementet for Seljord kommune slik det ligg føre.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Framlegg frå H v/Jon Svartdal:
Kulepunkt 1 i saksutgreiinga vart ikkje tatt til fylgje (punkt 2.5.1. i delegasjonsreglementet vert uendra).

Framlegg frå H v/Jon Svartdal vart vedteke med 4 mot 3 røyster.

Rådmannen sitt framlegg fall mot røystene frå H. og Ap.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta delegasjonsreglementet for Seljord kommune utan endring av kulepunkt 1 i rådmannen sitt framlegg. (punkt 2.5.1. i delegasjonsreglementet vert uendra).

PS 98/16 Sal av Krokan grendehus gnr.55/ bnr.3

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet å fatte fylgjande vedtak:
Formannskapet vedtek å selje eigedom 55/3 til Statens vegvesen for ein symbolsk sum på kr. 1 slik det gjeng fram av forslag til kjøpskontrakt. For å sikre riktig avtalepart er det eit vilkår at representant frå Krokan grendehus også signerar kjøpskontrakt.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Formannskapet vedtek å selje eigedom 55/3 til Statens vegvesen for ein symbolsk sum på kr. 1 slik det gjeng fram av forslag til kjøpskontrakt. For å sikre riktig avtalepart er det eit vilkår at representant frå Krokan grendehus også signerar kjøpskontrakt.

PS 99/16 TV-aksjonen NRK Røde Kors 2019

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å fatte fylgjande vedtak:
Seljord kommune løyver kr 13.000,- til TV-aksjonen NRK Røde Kors 2016. Løyvinga vert teke frå tilleggsløyvingar i budsjett 2016.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Framlegget frå Sp v/ Beate Marie Dahl Eide om å auke beløpte til kr 15 000 (tilsvarar omlag kr 5 per innbyggjar)

Framlegget frå Sp v/ Beate Marie Dahl Eide:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 06.10.2016

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å fatte fylgjande vedtak:
Seljord kommune løyver kr 15.000,- til TV-aksjonen NRK Røde Kors 2016. Løyvinga vert teke frå tilleggsløyvingar i budsjett 2016.

Referatsaker

RS 92/16 Vest-Telemark Museum søknad om tilskot til innkjøp av vogge